

LOVNORM FOR IDRETTSKRETSAR

Vedtatt av Idrettsstyret 16. november 2021.

LOV FOR VESTLAND IDRETTSKRETS

Sist endra av idrettskretsstyret 2. februar 2022

§ 1 Formål og oppgåver

- (1) Idrettskretsen er eit felles organ for idretten innan sitt geografiske område.
- (2) For reglar om idrettskretsen sine oppgåver og myndigheit, gjeld [NIFs lov § 5-2](#), samt [NIFs lov §§ 2-2](#) og [2-3](#).
- (3) For reglar om idrettskretsen si plikt til å overhalde NIFs regelverk og vedtak, gjeld [NIFs lov §§ 2-2](#) og [2-3](#).

§ 2 Kjønnssfordeling

For reglar om kjønnssfordeling i styre, utval mv. og ved representasjon til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd, gjeld [NIFs lov § 2-4](#).

§ 3 Reglar om stemmerett, valbarheit, forslagsrett mv.

For reglar om stemmerett, valbarheit og forslagsrett, gjeld § 9 og [NIFs lov §§ 2-5](#), [2-6](#), [2-7](#).

§ 4 Inhabilitet

For reglar om inhabilitet, gjeld [NIFs lov § 2-8](#).

§ 5 Vere vedtaksfør, fleirtalskrav og protokoll

For reglar om å vere vedtaksfør, fleirtalskrav og protokoll, gjeld [NIFs lov § 2-9](#).

§ 6 Refusjon av utgifter og godtgjersle

For reglar om refusjon av utgifter og godtgjersle, gjeld [NIFs lov § 2-10](#).

§ 7 Rekneskap og revisjon mv.

For reglar om rekneskap og revisjon mv., gjeld [NIFs lov §§ 1-7](#), [2-11](#), [2-13](#) og [2-14](#).

§ 8 Idrettskretstinget

- (1) Idrettskretstinget er det høgaste styringsorganet i idrettskretsen, og det skal heldast året før/etter Idrettstinget innan utgangen av mai månad.
- (2) Ordinært og ekstraordinært kretsting gjennomførast i samsvar med denne lova og [NIFs lov §§ 2-15, 2-16, 2-17, 2-19, 2-20, 5-6, 5-7 og 5-8](#).

§ 9 Møterett, talerett, forslagsrett og stemmerett

- (1) Forslagsrett til idrettskretstinget:
 - a) Styret
 - b) Eit organisasjonsledd med representasjonsrett
 - c) Kontrollutvalet, innanfor sitt arbeidsområde
 - d) Valkomiteen, innanfor sitt arbeidsområde
- (2) Møterett, talerett, forslagsrett og stemmerett på idrettskretstinget:
 - a) Styret
 - b) Representantar etter følgende skala:
 - 1) 75 representantar frå idrettsråda

Dei 75 representantane frå idrettsråda fordelast etter tal medleamar ved siste avslutta samordna rapportering. Fordelinga er slik:

- i) alle idrettsråd med idrettslag i fylket 1 representant
- ii) 5 tilleggsrepresentantar til idrettsråd med 50 000 medleamar eller meir.
- iii) 3 tilleggsrepresentantar til idrettsråd med 10 000 medleamar opptil 49 999.
- iv) 2 tilleggsrepresentantar til idrettsråd med 5 000 medleamar opptil 9 999.
- v) For å oppnå 75 representantar totalt frå idrettsråda, tildelast dei resterande representantane med 1 tilleggsrepresentant til idrettsråd med mindre enn 5 000 medleamar. Det idrettsrådet med høgst tal registrerte medleamar får 1 tilleggsrepresentant først.

2) 75 frå særiddrettane

Dei 75 representantane frå særiddrettane fordelast etter tal idrettslag/grupper ved siste avslutta samordna rapportering, og fordelast slik:

- i) Alle idrettar (særkretsar/regionar/forbund) med aktivitet i fylket 1 representant.
- ii) 3 tilleggsrepresentantar for idrettar med aktivitet i 250 idrettslag eller meir
- iii) 2 tilleggsrepresentantar for idrettar med aktivitet i 100 idrettslag opptil 249 idrettslag
- iv) 1 tilleggsrepresentant for idrettar med aktivitet i 50 idrettslag opptil 99 idrettslag
- v) For å oppnå 75 representantar totalt frå særiddrettane, tildelast dei resterande representantane med 1 tilleggsrepresentant til idrettar som har

aktivitet i mindre enn 50 idrettslag. Den idretten med aktivitet i høgst tal idrettslag får 1 tilleggsrepresentant først.

Fordelinga av representantar vert gjort av idrettskretsen sitt styre og kunngjerast seinast ved innkalling til idrettskretstinget.

Representantar må vere meldt idrettskretsen seinast ei veke før tinget.

For representasjonsrett for idrettslag, gjeld NIFs lov § 10-3 (1).

- (3) Møterett, talerett og forslagsrett på idrettskretstinget i dei saker som ligg innanfor komiteen/utvalet sitt arbeidsområde:
 - a) Kontrollutvalet sine medlemmar
 - b) Valgkomiteen sine medlemmar
 - c) Leiarane i dei andre tingvalde organa, eventuelt nestleiar eller medlem dersom leiar er hindra frå å møte
- (4) Møterett og talerett på idrettskretstinget:
 - a) Revisor, i saker som ligg innanfor sitt arbeidsområde.
 - b) Idrettskretsen sin organisasjonssjef.
 - c) Representant frå NIF.

§ 10 Idrettskretstinget sine oppgåver

Idrettskretstinget sine oppgåver:

- 1. Godkjenne de frammøtte representantane.
- 2. Velje dirigent(ar).
- 3. Velje sekretær(er).
- 4. Velje to representantar til å skrive under protokollen.
- 5. Godkjenne innkallinga.
- 6. Godkjenne saklista.
- 7. Godkjenne forretningsorden.
- 8. Behandle idrettskretsen si årsmelding
- 9. Behandle idrettskretsen sin rekneskap i revidert stand, styret sin økonomiske rapport, revisor sin rapport og kontrollutvalet sin rapport.
- 10. Behandle langtidsplan og langtidsbudsjett for idrettskretsen.
- 11. Behandle forslag og saker.
- 12. Engasjere statsautorisert/registrert revisor til å revidere kretsen sin rekneskap
- 13. Behandle retningslinjer for fordeling av dei midlane som er til disposisjon for kretsen.
- 14. Gjere følgande val:
 - a) Styreleiar og nestleiar,
 - b) 4 styremedlemar og 2 varamedlemar. Minst eitt styremedlem skal vere under fylte 26 år pr. 31. desember det året valet vert halde.
 - c) Kontrollutval med leiar, eitt medlem og to varamedlemar.
 - d) Representantar til Idrettstinget, eller gi styret fullmakt til å oppnemne representantar.

- e) Valkomit  med leiar og to medlemar og eitt varamedlem for neste idrettskretsting. Minst eitt medlem skal vere under fylte 26  r pr. 31. desember det  r valet vert halde.

Leiar og nestleiar veljast enkeltvis. Dei andre medlemane til styret veljast samla f rst og deretter veljast varamedlemane samla. Der det veljast fleire nestleiarar/varamedlemar skal det veljast 1. nestleiar/varamedlem, 2. nestleiar/varamedlem osv.

I tillegg til dei tingvalde styremedlemane best r styret av ein tilsettrepresentant som veljast blant idrettskretsen sine tilsette. Representanten har personleg varamedlem.

Leiar til kontrollutval veljast f rst. Deretter veljast medlemen. Deretter veljast varamedlemane samla.

Leiar til valkomit  veljast f rst. Dei to medlemane til valkomiteen veljast samla og deretter veljast varamedlemen.

For reglar om stemmegjevinga p  idrettskretstinget, gjeld [NIFs lov   2-21](#).

  11 Idrettskretsen sitt styre og organisasjonssjef

For reglar om idrettskretsen sitt styre og organisasjonssjef, gjeld [NIFs lov    5-11](#) og [5-12](#).

  12 Lovendring

For reglar om lovendring, gjeld [NIFs lov   2-2](#).

  13 Oppl ysing

Idrettskretsen kan berre l ysast opp av NIF. Ved oppl ysing eller anna opph yr av idrettskretsen vil idrettskretsen sine overskytande midlar bli overf rt til eit form l godkjent av Idrettsstyret.